



## MØTEPROTOKOLL

|                 |                                  |
|-----------------|----------------------------------|
| <b>Organ</b>    | <b>Fylkestinget</b>              |
| <b>Møtestad</b> | <b>Dalsøyra - Dalsøyra skule</b> |
| <b>Møtedato</b> | <b>27.10.2017</b>                |
| <b>Kl.</b>      | <b>13:25 – 14:20</b>             |

År 2017, 27. oktober, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Dalsøyra skule i Gulen.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post 10. oktober 2017. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representantane Hilmar Høl, Marita Gunn Aarvik og Arnstein Menes hadde meldt forfall til tingseta. I deira stad møtte 1. vararepresentant Marie-Helene Hollevik Brandsdal, 1. vararepresentant Rita Navarsete og 1. vararepresentant Per Atle Kjøllesdal. Fylkestinget godkjende forfalla til Høl, Aarvik og Menes.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

### **SENTERPARTIET:**

Jenny Følling  
Sigurd Erlend Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Karen Marie Hjelmeseter  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Karin Sande  
Erlend Haugen Herstad  
Per Atle Kjøllesdal

### **ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Helen Hjertaas  
Torbjørn Vereide  
Harald Bjarte Reite  
Karianne Torvanger  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegegjerdet  
Senea Sabanovic  
Marie-Helene Hollevik Brandsdal

### **HØGRE:**

Noralv Distad  
Sonja Merethe Øvre-Flo  
Bjørn Erik Hollevik  
Anne Kristin Lilleaasen

### **FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Rita Navarsete

**VENSTRE:**

Gunhild Alis Berge Stang  
Alfred Bjørlo

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Jakob Andre Sandal

**MILJØPARTIET DEI GRØNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Karianne Torvanger og Stein Faleide Malkenes vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at sakene var sendt ut 10. oktober 2017.

## **SAK 39/17      Oppfølging av Stortinget sitt vedtak om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

### **Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 i høve regionreforma, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sin vedtekne intensjonsplan for samanslåing og inndelingslova sine krav, gjer fylkestinget følgjande vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Vestlandet fylkeskommune.
2. Det nye fylkestinget skal ha 65 medlemmer.
3. Fellesnemnda for samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar skal bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemmer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Varamedlemene til fylkesutvala skal også vere varamedlemmer til fellesnemnda.

Fylkestinget vedtek med dette også det vedlagde reglementet for fellesnemnda.

4. Fellesnemnda for den vidare samanslåingsprosessen får i oppgåve å etablere eit partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda vedtek mandat og samansetting for utvalet.
5. I tillegg til dei fire lovpålagde vedtakspunkta over, stadfestar fylkestinget at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

Ein legg elles til grunn at føreliggjande intensjonsplan vert følgd i det vidare samanslåingsarbeidet.

6. Fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak i fylkestinget i Hordaland.

### **Endringsframlegg:**

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 1:  
Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Fjordane fylkeskommune.

- Sosialistisk Venstreparti** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 1 og 2:
1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal fastsetjast etter drøftingar/vedtak i fellesnemnda på tingsete i desember.
  2. Storleiken på det nye fylkestinget skal fastsetjast etter drøftingar/vedtak i fellesnemnda på tingsete i desember.

Subsidiært punkt 2:

Det nye fylkestinget skal ha 71 medlemmer.

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg som tillegg til fylkesrådmannen si tilråding i punkt 3 første avsnitt:

I tillegg skal gruppeleiarane/ein representant frå dei partia i begge fylka som ikkje er representert i fylkesutvala, vere medlemmer av fellesnemnda.

**Venstre** sette fram slikt framlegg som tillegg til fylkesrådmannen si tilråding i punkt 3 første avsnitt:

I tillegg skal gruppeleiarane/ein representant frå dei partia i begge fylka som ikkje er representert i fylkesutvala, ha møte- og talerett i fellesnemnda.

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Endring av punkt 14 i mandat for fellesnemnda:

14. Fellesnemnda får mynde til å tilsette administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.

#### **Avrøysting:**

Miljøpartiet Dei Grøne sitt framlegg til nytt punkt fekk 1 røyst og vart forkasta.

Sosialistisk Venstreparti sitt framlegg til nytt punkt 1 fekk 2 røyster og vart forkasta.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart deretter samrøystes vedteke.

Sosialistisk Venstreparti sitt prinsipale framlegg til nytt punkt 2 fekk 2 røyster og vart forkasta.

Sosialistisk Venstreparti sitt subsidiære framlegg til nytt punkt 2 fekk 2 røyster og vart forkasta.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart deretter vedteke.

Miljøpartiet Dei Grøne sitt framlegg om tillegg til punkt 3 første avsnitt fekk 2 røyster og vart forkasta.

Venstre sitt framlegg om tillegg til punkt 3 første avsnitt fekk 6 røyster og vart forkasta.

Framstegspartiet sitt framlegg om tillegg til punkt 3 andre avsnitt - endring av punkt 14 i mandatet for fellesnemnda - vart samrøystes vedteke.

Punkt 4, 5 og 6 i fylkesrådmannen si tilråding, samt innleiinga, vart deretter samrøystes vedtekne.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 i høve regionreforma, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sin vedtekne intensjonsplan for samanslåing og inndelingslova sine krav, gjer fylkestinget følgjande vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Vestlandet fylkeskommune.
2. Det nye fylkestinget skal ha 65 medlemer.
3. Fellesnemnda for samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar skal bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Varamedlemene til fylkesutvala skal også vere varamedlemer til fellesnemnda.

Fylkestinget vedtek med dette også det vedlagde reglementet for fellesnemnda med følgjande endring av punkt 14:

Fellesnemnda får mynde til å tilsette administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.

4. Fellesnemnda for den vidare samanslåingsprosessen får i oppgåve å etablere eit partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda vedtek mandat og samansetting for utvalet.

5. I tillegg til dei fire lovpålagde vedtakspunkta over, stadfestar fylkestinget at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

Ein legg elles til grunn at føreliggjande intensjonsplan vert følgd i det vidare samanslåingsarbeidet.

6. Fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak i fylkestinget i Hordaland.

-----

**SAK 40/17      Val av revisor for fellesnemnd i samband med  
samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og  
Hordaland fylkeskommune**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er rekneskapsrevisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskaper for fellesnemnda.

-----

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 27. oktober 2017 på Dalsøyra skule, Gulen kommune, var slutt kl. 14.20